

Pressemelding

**Rekningane for 1.kvartal er no sendt ut.
Stor auke i straumforbruk og kostnader.
I middel 27% høgare fakturabeløp enn same periode i fjor.**

Straumforbruket i VTK-området var i 1.kvartal 104 GWh. Dette er det høgaste nokon gong, og 15% høgare enn i same periode i fjor som også var rekordnotering. Auken skuldast i hovudsak kaldare vær enn normalt.

Nettleiga inklusiv enovaavgift, forbruksavgift og mva auka med 8% frå årsskiftet. For ein gjennomsnittleg kunde gjev forbruksveksten og prisauken ein auke på ca 23% i utgifter til nettleige.

Kraftprisen i 1.kvartal (utanfor Tokke og Vinje) auka med 20% frå 35 øre/kWh til 42 øre/kWh + mva. Dette skuldast auke i marknadsprisen som fylgje av kaldare vær og lite nedbør. VTK sel til innkjøpspris i alle kommunar. Inklusiv forbruksveksten aukar kraftkjøpskostnaden for ein gjennomsnittleg kunde med ca 35%.

Dette gjev då ein midlare auke i totalt fakturabeløp på ca 27% . Av fakturabeløpet går ca 30% til VTK for å dekke nettkostnadene, ca 40% til innkjøp av kraft og ca 30% er avgifter til staten.

I Tokke auka kraftprisen 36% som fylgje av kommunale vedtak (frå 22 øre/kWh til 30 øre/kWh + mva), slik at Tokkebuarane vil oppleve at totalrekinga i 1.kvartal i år er ca 33% høgare enn i fjor.

I Vinje held dei fram med uendra kraftpris (18,5 øre/kWh) og totalrekinga der vil difor berre auke med ca 18%.

Vi har forståing for at nokon vil få problem med å betale heile fakturaen innan fristen. Vi be då om at det i god tid vert teke kontakt med VTK for å inngå ei betalingsavtale.

VTK, 29.04.2010
Ketil Kvaale
(adm. dir.)